

---

**Saksnr:** 2020/35781-6  
**Saksbehandlar** Bente Utne  
**Dato:** 11.08.2021

---

---

**Til:** Sekretariat for kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkeskommunedirektøren

---

## Statusmelding til kontrollutvalet per august 2021 - Fv 567 Hosanger sentrum

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 15.02.2021:

### Vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg statusrapportering når det gjeld vidare oppfølging av det som gjeld gråsteinsmuren til første møte i utvalet etter sumarferien 2021
2. Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet innan 31.08.2021

Fylkeskommunedirektøren kan melde om følgjande status per 11.august 2021:

Arbeidet var ferdig medio juni 2021. Det eine naustet vart jekka opp før den gamle muren vart riven. På det andre naustet vart den gamle muren brukt som støtte og riven litt etter litt, medan ny mur vart bygd.

Bilde på neste side viser resultat av arbeidet.

Fylkeskommunedirektøren ser no på saka som ferdig handsama overfor kontrollutvalet.

